

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 4. oktober 2019 11:10
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 34/2019, 4. OKTOBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 34/2019, 4. OKTOBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.
Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.
Arkiv med tidlegare nyhendebrev:
<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

FRAMDRIFT FOR MEDIEHUSET - FØLG MED PÅ PROSJEKTSIDA

Statsbygg har fått på plass alternative parkeringsplassar i byggeperioden for mediehuset. Følg med på arbeidet på ei eiga prosjektside: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

STATSBYGG HAR KJØPT TOMTA TIL STRØM-HUSET / NYBYGGET

Høgskulen og Statsbygg har i mange år betalt ei årleg leige for ein 6 mål stor eigedom der Strøm-huset står og mesteparten nybygget for mediefaga vil stå når huset er ferdig. Statsbygg har no kjøpt tomta frå dei lokale grunneigarane for ca kr 15 mill. <https://www.morenytt.no/nyheiter/2019/09/27/Selt-for-over-15-millionar-kroner-20044407.ece>

UTVEKSLINGSAVTALE MED UNIVERSITET I BERKELEY, USA

Internasjonalt kontor ved Høgskulen i Volda har arbeida fram ein utvekslingsavtale med University of California, Berkeley. Avtalen vart underteikna av rektor og ein representant frå Berkeley som besøkte Høgskulen i Volda denne veka. Avtalen gjeld frå hausten 2020 og er avgrensa til utveksling gjennom Berkeley International Study Program (BISP), eit utvekslingsprogram som let studentar ta enkeltemne ved Department of Sociology ved UC Berkeley.

VIL FORSKE PÅ PLANLEGGING I LAG MED ÅLESUND KOMMUNE OG NTNU

Høgskulen i Volda har i samarbeid med Ålesund kommune og NTNU Ålesund sendt ein felles søknad til Forskningsrådet om midlar frå forskingsprogrammet FORKOMMUNE. For Høgskulen i Volda er det Avdeling for samfunnsfag og historie som er med i prosjektsøknaden. Tittelen på prosjektet er Innovasjonsprosjekt i offentlig sektor: SMART PLAN - bærekraftig samfunnsutvikling gjennom samskaping og visuell simulering i planprosesser. Les meir om FORKOMMUNE på Forskningsrådets nettsider: <https://www.forskningsradet.no/om-forskningsradet/programmer/forkommune/>

STUDIESTARTUNDERSØKING PÅGÅR NO

Nye HVO-studentar har no fått invitasjon til å gi tilbakemelding på korleis dei har opplevd informasjon frå HVO i løpet av søknadsprosessen og ved studiestart. Dei blir også spurt om kva informasjon dei ønskjer framover og om dei kjenner til www.sikresiden.no. Vi håper flest mogleg tek seg tid til å svare på undersøkinga før fristen går ut 23. oktober.

OKTOBER ER PSYKISK HELSE MÅNAD

Oktober er psykisk helse-månad ved høgskulen. Det starta denne veka med torsdagskafé og føredrag ved psykolog Peder Kjøs. Nærnett har ein artikkel om dette: <http://www.nerrett.no/artikler/nyhende/psykisk-helse-maned>

Sjå også landingssida for studenthelse og -velferd: <https://www.hivolda.no/studentliv/studentvelferd-ei-trygg-og-god-studietid-volda>

AVTALE MED FANTASTISKE OSBERGET

Høgskulen i Volda og Fantastiske Osberget har undertikna ein 2-årig avtale om visuell profil, rådgjeving og grafiske tenester. Avtalen kan bli forlenga i to år til om partane ønskjer det.

<https://www.osberget.no/nyhende/kontrakt-med-hoegskulen-i-volda>

FYLKET INVITERER HØGSKULEN INN I FAGNETTVERK FOR VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Møre og Romsdal fylkeskommune har fått invitasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune om å vere med i dei 16 fagnettverka for vidaregåande opplæring. Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning koordinerer HVO-deltaking i nettverka.

<https://intranett.mrfylke.no/Intranett/Fagavdelingar/Utdanning/Fagnettverk>

UTDANNINGSUTVALET 2019-2023

Utdanningsutvalet har sitt første møte 9. oktober. Som tidlegare meldt er Utdanningsutvalet det nye namnet på den tidlegare Strategisk studienemnd. Dei faglege medlemmene av utvalet har vorte oppnemnt for åra 2019-2023 medan studentrepresentantane blir valde for eitt år om gongen.

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/296340>

HØGSKULESTYRET: VAL AV STUDENTREPRESENTANTAR PÅGÅR NO

Frå 3. til 11. oktober får studentane velgje sine to representantar til høgskulestyret. Her er dei 9 nominerte kandidatane:

<https://www.hivolda.no/val/studentrepresentantval/nominerte-studentrepresentantar-til-hogskulestyret>

INSTITUTTLEIARFORUM PÅ HVO: FØRSTE MØTE 18. OKTOBER

Det blir i haust oppretta eit Institutt- og seksjonsleiारforum på HVO. Prorektor Odd Helge Tonheim har invitert til første møte i forumet 18.10.2019. Føremålet med å opprette eit slikt forum er at instituttleiारrolla blir viktigare og viktigare på høgskulen samtidig som rolla er ulik på ulike delar av høgskulen.

HØGSKULEN HAR TILSETT JURIST I ADMINISTRASJONEN

Heidi Grevstad har frå 1. oktober teke til i ei nyoppretta stilling som jurist i fellesadministrasjonen, direkte under direktør Karen Lomeland Jacobsen. Grevstad har tidlegare arbeidd blant anna i Hareid kommune og Os kommune.

<https://www.hivolda.no/tilsette/leiing/heidi-berg-rusten-grevstad>

6 LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Det er pr i dag seks ledige stillingar ved Høgskulen i Volda. Blant anna er fast stilling som kontorsjef ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning ledig, det er ledig ei stilling som ph.d.-stipendiat og fleire andre faglege og administrative stillingar.

Følg med på ledige stillingar på denne nettsida:

<https://www.hivolda.no/stilling>

ENDRING: JULEBORDET BLIR FREDAG 13. DESEMBER

Avdeling for kulturfag arrangerer årets julebord. Dato for julebordet har vorte endra til fredag 13. desember fordi det var mange som var på eit fagleg arrangement på datoen som først vart varsla. Informasjon om påmelding og meir kjem seinare.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre:

<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

22.10.-12.11.2019: Studiebarometeret - periode der studentane kan sende inn svar.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte.

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/295988>

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen, Ålesund.

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret.

<https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonalt-nynorsk-konferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

30.9.2019: Helsing til og frå FoU-prisvinnar Jan Inge Sørbo

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/09/30/fou-prisvinnar-2019-jan-inge-sorbo/>

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygging av nytt mediehus: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

